

Til Alver kommune

Knarvik 01.09.20 v/ ass rådmann Marin Kulild

SØKNAD OM TILSKOT TIL ALVER KYRKJELEGE FELLESRÅD FOR 2021

Vi viser til søknad om tilskot til drift og investeringar frå 30.06.20, møte med formannskapet 20.08.20 og tilbakemeldingar frå ass.rådmann Martin Kulild.

Alver KF sender her ei revidert søknad om tilskot til drift og investeringar for 2021. Samanlikna med søknaden frå 30.06 er det endringar i søknad om tilskot til vedlikehald av bygningar, og investeringar i bilar og utstyr.

- Etter ønskje frå kommunen har vi tatt med behova for utstyr til drift av Meland gravplass - det har vore eit avklarande møte med tilsette i teknisk i kommunen. Kyrkja har òg gjort og ei vurdering av dei bilane og det utstyret som dei tidlegare fellesråda hadde frå før.
- Det er laga oversikt over behov for vedlikehald i kyrkjene Lindås og Ostereidet, og noko for Meland, som ein første del av ein plan for alle bygga. I denne søknaden er det med tal for dei kyrkjene.

Drift 2021

Søknad om driftstilskot er vedtatt av Alver kyrkjelege fellesråd. Søknaden og budsjettet for 2021 byggjer på Alver-kyrkja sitt budsjett for 2020, som ei samanslåing av budsjetta frå dei tre fellesråda i tidlegare Meland, Radøy og Lindås kommunar.

Heimelen for kommunen sine forpliktninger finn ein i Kyrkjelova § 15, som slår fast at kommunen utreder ei rekke utgifter etter budsjettforslag frå kyrkjeleg fellesråd (<https://lovdata.no/lov/1996-0607-31/§15>).

Alver kyrkjelege fellesråd og dei 5 sokneråda har stor motivasjon i å vidareutvikle sin desentraliserte organisasjon med 5 sokn, 6 kontorstader, 14 kyrkjer og 25 gravplassasar spreitt ut over heile kommunen. Vi er om lag 35 tilsette i fellesrådet, 9 prestar (finansiert av staten via Bispedømet), 5 sokneråd, eitt fellesråd, hundrevis av friviljuge og mange deltakarer på alt det som skjer i kyrkjene i kommunen. Det er viktig å understreka at sjølv om gudstenester er viktige – og ofte får stor merksemd, så er det mykje anna som skjer med utgangspunkt i kyrkjene. Gravferder, dåp, vigsel, konfirmasjonar, konsertar, vaksenkor, barnekor og diakonalt arbeid blant vanskelegstilte, for å nemne noko. Vi har også ein aktiv gjeng som arbeider ute heile året med å ordne til gravferdene og ta vare på uteområda og bygga våre. Denne store bredda krev mykje ressursar å drifte og utvikle.

For 2020 har Alver kommune gitt

- kr 22,4 mill, driftstilskot til fellesrådet (årleg)
- kr 0,66 mill, tilskot i samband med revidert/1.tertial (eingongs)
- kr 0,25 mill, utarbeiding av vedlikehaldsplan kyrkjene (eingongs)
- kr 2,68 mill, renter/avdrag til kyrkja i Knarvik (årleg)

Tilskotet i samband med 1.tertial 2020 var grunngjeve med meirkostnader når kyrkja slo seg saman i 2019 - dette er kostnader kyrkja også får i 2021. Pengar til såkalla «verdibevarande vedlikehaldplan» kjem på initiativ frå kommunen. Vi skal utarbeide ein samla plan for alle kyrkjene.

For 2021 søker Alver KF om driftstilskot på kr 28,7 mill (i tillegg kjem kostnadsindeksering):

- kr 22,4 mill, drift av organisasjonen (som i 2020)
- kr 0,66 mill, kompensasjon for kostnader i samband med samanslåing
- kr 0,4 mill, lønsmidler til administrasjon fellesråd
- kr 2,68 mill, lån Knarvik kyrkje
- kr 2,5 mill, vedlikehald av kyrkjebygg

I tillegg til drifta i dag minner kyrkja om at det framleis er fleire behov, ma. stillingar i driftsavdelinga. Dersom kyrkja skal kunne overta drifta av Meland gravplass må bemanninga i driftsavdelinga auka (og kommunen stille med utstyr). Det kan bli mulig dersom kyrkja blir kompensert for meirkostnadene i samband med samanslåinga. Fellesrådet minner også om at det etter samanslåinga framleis er for lite ressursar i fellesrådsadministrasjonen, det gjer det krevjande å få til god drift.

Pengar i 2020 til utarbeiding av vedlikehaldsplan skal gje ein samla plan for alle kyrkjene, som grunnlag for seinare søknad til kommunen. Sjølv om planen ikkje er ferdig søker vi her om 2,5 mill kr til vedlikehald av kyrkjene Lindås, Ostereidet og Meland. Dette er begrunna i tilstandsrapportar frå Ing. Taule AS for Lindås og Ostereidet, som er vedlagt, og Multiconsult (Meland).

Lindås kyrkje:	kr 0,8 mill
Ostereidet kyrkje:	kr 1,2 mill
Meland kyrkje:	kr 0,5 mill

Vi kan ikkje ta alt som er nemnd i rapportane, men kan ta det som er kritisk av skader og råte, og maling av Lindås og Ostereidet. Oppdraga vil bli sendt på anbod.

I tillegg til dette har vi fått pålegg frå BKK for en del av bygga, men vi vil forsøkje å gjere mykje av dette sjølve, og eindel anna vedlikehald.

Inntekter:

- Alver kommune, driftstilskot	23,5
- Alver kommune, vedlikehald	2,50
- Alver kommune, lån Knarvik kyrkje	2,68
- Tilskot trusopplæring	1,99
- Tilskot rostesekretær	0,17
- Tilskot diakoni	0,60
- Refusjon NAV	0,30
- Utleige kyrkjebygg	0,32
- Refusjonar sokneråd	0,42
- Festeavgift mm	1,70
<u>Sum</u>	<u>34,2 mill kr</u>

Utgifter:

- Lønskapitlet	22,4
- Kontordrift	3,9
- Kyrkjebygg- drift	1,5
- Kyrkjebygg – vedlikehald	2,5
- Gravplassar	0,7

- Lånekostnader	3,3
<u>Sum</u>	<u>34,3 mill kr</u>

Investeringar 2021

For 2021 søker Alver kyrkjelege fellesråd om nye investeringsmidlar til driftsavdelinga, og at tidlegera bevilgninga blir vidareført.

Når det gjeld utstyr til driftsavdelinga, er det både slitt utstyr som bør bli erstatta, og nytt utstyr til Meland gravplass (der har vi ikkje noko i dag). Basert på vår gjennomgang er behova slik:

- Utstyr driftsavdelinga For Meland: kr 0,471 mill.
- Utstyr driftsavdelinga Erstatning for slitt utstyr: kr 1,534 mill

Det er lagt ved ei detaljert liste over bilar og utstyr som vi bør ha.

Vi ber om at bevilgningene til desse oppgåvene blir vidareført:

- Gravplass Lindås Alver kommune, 4,7 mill + 0,5 mill (+ 2021-23)
- Gravplass Meland Alver kommune, 1,0 mill (+ 2021-23)
- Kyrkjetomt Meland Alver kommune, 5 mill
Kabelanlegg Meland kyrkje Alver kommune, 2,9 mill

Kyrkjeinvesteringar blir vurdert i samband med vedlikehaldsplan for kyrkjene.

Ta gjerne kontakt for meir informasjon.

Med helsing

John Fredrik Wallace
Kyrkjeverje

[Click here to enter text.](#)